



Planføresegner for
REGULERINGSPLAN FOR
GANG- OG SYKKELVEG
DØNFOSS NORD

Planid. 34330006

Kunngjøring start av planarbeid:	25.08.2022
Plankart revidert	03.07.2023
Kommunestyrets vedtak:	31.08.2023

Felles plankontor for Lom og Skjåk kommune.

Innhald

1.	INNLEIING	3
2.	REGULERINGSFORMÅL	3
3.	OMSYNSSONER	4
4.	AREALBRUK	4
4.1	GENERELLE FØRESEGNAR	4
4.1.1	BYGGEGRENSER	4
4.1.2	KRAV VED UTBYGGING AV SAMFERDSELSANLEGG	4
4.1.3	STØY VED ANLEGGSVÆRKSAMD	5
4.1.4	MINDRE TEKNISKE INSTALLASJONAR	5
4.1.5	KULTURMINNE	5
4.2	BYGNAD OG ANLEGG	5
4.2.1	BUSTADBYGNAD – FRITTLIGGANDE SMÅHUSBYGNAD	5
4.2.2	CAMPINGPlass	6
4.3	SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR	6
4.3.1	KØYREVEG	6
4.3.2	GANG- OG SYKKELVEG	7
4.3.3	ANNAN VEGGRUNN – TEKNISKE ANLEGG	7
4.3.4	ANNAN VEGGRUNN - GRØNTAREAL	7
4.3.5	PARKERINGSPLASSAR	7
4.4	GRØNSTRUKTUR	8
4.4.1	GRØNSTRUKTUR	8
4.5	LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE	8
4.5.1	LANDBRUK	8
5.	OMSYNSSONER	8
5.1	SIKRINGSSONER	8
5.1.1	FRISIKT	8
5.2	STØYSONER	9
5.2.1	STØYSONE – GUL SONE (H220)	9
5.3	FARESONER	9
5.3.1	FARESONE – FLAUM (H320)	9
6.	MIDLERTIDIG FØRESEGNSSOMRÅDE (pbl. 12-7).	9
6.1	MIDLERTIDIG BYGGE- OG ANLEGGSSOMRÅDE	9

1. INNLEIING

I medhald av plan- og bygningslovas § 12-7 gjeld desse reguleringsføresegnene for de områda som på plankartet er avgrensa med plangrense.

Planområdet er regulert som detaljregulering i samsvar med plan- og bygningslovens § 12-3.

Det regulerte området er vist med plangrense på kart, datert 14.06.2023, med en målestokk på 1:1.000 ved utskrift i A2-format.

2. REGULERINGSFORMÅL

I medhald av plan- og bygningslovens § 12-5 er området regulert til følgjande formål:

BYGNAD OG ANLEGG (PBL § 12-5, nr. 1)

- Bustadar – frittliggande småhus (sosi 1111)
- Campingplass (1173)

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5, NR. 2)

- Køyreveg (sosi 2011)
- Gang- og sykkelveg (sosi 2015)
- Annan veggrunn – tekniske anlegg (sosi 2018)
- Annan veggrunn – grøntareal (sosi 2019)
- Parkeringsplassar (sosi 2082)

GRØNSTRUKTUR (PBL § 12-5, NR. 3)

- Grønstruktur (sosi 3001)

LANDBRUKSFORMÅL (PBL § 12-5, NR. 5)

- Landbruk (sosi 5110)

3. OMSYNSSONER

I medhald av plan- og bygningslovens § 12-6 er området regulert til følgjande omsynssoner:

SIKRINGSSONE

- Frisikt (sosi 140)

STØYSONE

- Gul støysone (sosi 220)

FARESONE

- Faresone flaum (sosi 320)

MIDLERTIDIG FØRESEGNSSOMRÅDE

- Midlertidig bygge- og anleggsbelte

4. AREALBRUK

I medhald av plan- og bygningslovens § 12-7 gis følgjande føresegner om bruk av areal, bygningar og anlegg innafor planområdet:

4.1 GENERELLE FØRESEGNER

Planen regulerer samferdselsareal med tilgrensande areal.

4.1.1 BYGGEGRENSER

Byggegrenser er teikna inn på plankartet.

Byggegrensen mot Fv. 2650 Nordberg Solside er 15 meter frå vegens senterline, med unntak for strekninga langs den nye parkeringsplassen SP02 der byggegrensa samsvarer med reguleringsformålgrensa, og er 10 m frå vegens senterline.

Byggegrense mot RV15 er 50 m frå vegens senterline.

Byggegrense mot naboeigedom går fram av plankartet og PBL § 29-4.

4.1.2 KRAV VED UTBYGGING AV SAMFERDSELSANLEGG

Ved bygging av samferdselsanlegga skal det leggest fram prosjekteringsmateriale for godkjenning i kommunen før anleggsarbeida blir starta opp. For tiltak som røyrrer ved riksveg og fylkesveg, skal

byggeplan bli godkjend av vegstyresmaktene for anleggsarbeid setjast i gang. Prosjekteringsmateriale/bygge- og anleggsplan skal ha reglar om bevaring og reetablering av stadeigen vegetasjon ved anleggsgjennomføring. Det skal i tillegg leggjast fram ein overvassplan som viser anlegg og tiltak for handtering av avrenning og overvatn og ekstremnedbør. Plassering og dimensjonering av drenering og kulvertar/stikkrenner skal være slik at uønskte erosjons- og vasskadar vert inngått - også med tanke på mogelege klimaendringar og auka nedbørsmengder, jf. TEK 17. Ved anlegg av nye samferdselsanlegg og utbetring av eksisterande, skal anlegga bli dimensjonert med eit klimapåslag på minimum 40 %.

4.1.3 STØY VED ANLEGGSVERKSEMD

I perioden fom. 15.05 tom. 15.09, samt på helge- og høgtidsdagar, skal det ikkje gjennomførast støyande aktivitet knytt til grunnarbeid som sprenging, pigging, knusing, massetransport, tomtearrondering mm. Bygningsarbeid blir ikkje rekna ikkje som støyande aktivitet i denne samanheng.

4.1.4 MINDRE TEKNISKE INSTALLASJONAR

Teknisk infrastruktur, trafoar, nettstasjonar, pumpestasjonar og andre mindre, tekniske bygningar og anlegg som er nødvendig i forbindelse med framføring av straum eller VA, kan bli plassert innafør område som er regulert for parkeringsplassar, annan veggrunn – tekniske anlegg og annan veggrunn -grøntareal.

4.1.5 KULTURMINNE

Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i området. Dersom det i forbindelse med tiltak i marka oppdagast automatisk freda kulturminne som tidelegare ikkje er kjent, gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stanses i den grad det råker kulturminna eller deira sikringssone på 5 meter. Melding om funn skal straks sendes Innlandet fylkeskommunes kulturvernaving, jf. lov om kulturminne § 8, annet ledd.

4.2 BYGNAD OG ANLEGG

4.2.1 BUSTADBYGNAD – FRITTLIGGANDE SMÅHUSBYGNAD

- a) Område BB01 er regulert til frittliggande småhusbygnad
- b) Grad av utnytting, %-BYA = 20 % inkl. parkering.
- c) I området skal det berre oppførast frittliggande bustadhus med tilhøyrande garasje, uthus og liknande
- d) Parkering skal løysast på eigen tomt.
- e) Bustad skal plasserast innafør dei viste byggegrensene.
- f) Bustader kan byggjast i inntil to etasjar og uthus i inntil ein etasje. Bygningane skal ha saltak med vinkel mellom 15° og 45°. Mønehøgda for 2 etasjes hus skal ikkje overstige 8,5 meter. Hus som skal oppførast må i størst mogleg grad vera tilpassa tomte utan å gjera

- store endringar i landskapet. Høge grunnmurar over 2 m som vil verke skjemma, vil ikkje bli godkjent. Bustadane skal bli utforma slik at dei er tilgjengelege for alle (ha alle hovudfunksjonar på inngangsplanet).
- g) Garasjar skal plasserast slik at det i avkøyrsla frå veg er plass til minst ein personbil av vanleg lengde.
 - h) Med byggesøknad skal det følge situasjonsplan i målestokk 1: 500 eller 1:1000 som skal vise plassering av bygningar. I tillegg skal søknaden vise plassering og høgde på bygnad, samt høgde på grunnmur. Eventuelt gjerde, støttemur og liknande skal gå fram av situasjonsplan. Det skal i tillegg utarbeidast tverrprofil av tomta som viser skjerings- og fyllingshøgder. Areal til overvasshandtering skal også gå fram av søknaden.
 - i) Taktekking skal bli utført med material som har en matt og mørk farge, og ha ei minst mogeleg reflekterande overflate.
 - j) Det skal bli nytta materialar og fargar som heng saman med naturen rundt (naturstein, skifer, mørke jordfargar, mørk brun eller grå beis). Alle utvendige bygningsdelar inklusive vindskier, rammer rundt vinduer, hjørne- og dekkbord, skal ha tilnærma same mørke farge. Dører og rammer rundt vinduer kan bli påført ei noko avvikande farge. Lyse eller sterkt avvikande signalprega fargar, som gir store kontrastverknadar mot omgivnaden, er ikkje tillate.

4.2.2 CAMPINGPlass

- a) To mindre areal BC01A og BC01B er regulert for campingplass og heng saman med tilsvarende regulering for formålet sør.
- b) Området ligg innafor byggegrense mot veg kan berre nyttast som uteopphaldsareal.

4.3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.3.1 KØYREVEG

- a) Områda o_SKV01 omfattar fylkesveg 2650, medan o_SKV02 omfattar riksveg 15 er offentlig eigd og regulert som køyreveg. Reguleringsformålet for desse omfattar areal for utviding og endringar i kryss og liknande i samsvar med reguleringsplanforlaget.
- b) Område SKV03 er regulert til køyreveg, og er eksisterande tilkomstveg til Dønfoss camping.
- c) Område SKV04 er regulert til køyreveg. SKV04 omfattar eksisterande veg opp til Øyberget kraftverk/besøkssenter, og er regulert med en reguleringsbredde på 6,0 meter.
- d) Køyrevegane skal opparbeidast som vist på plankartet og i samsvar med "Håndbok N100 Veg og gateutforming" frå Statens Vegvesen. Ein viser også til krav om utarbeiding av prosjekteringsmateriale og godkjenning gjeve i planføresegnene pkt. 4.1 b), og reglar knytt til støyande aktivitet ved anleggsgjennomføring i pkt. 4.1 c).
- e) Køyrevegane skal opparbeidast med stikkrenner og grøfter som er dimensjonert i samsvar med TEK17 § 7-2 for 200-års flaum + 40% klimapåslag.

- f) Omdisponering mellom underformåla køyreveg og annan veggrunn vil kunne tillatast som følge av detaljprosjektering.
- g) Der det er nødvendig, skal vegrekkverk etablerast.

4.3.2 GANG- OG SYKKELVEG

- a) Område SGS01, SGS02 og SGS03 er regulert til offentlig gang- og sykkelveg. Gang- og sykkelvegane er regulert med en reguleringsbredde på 3,0 meter.
- b) Gang- og sykkelvegane skal bli opparbeidd som vist på plankartet og i samsvar med "Håndbok N100 Veg og gateutforming" frå Statens Vegvesen. Ein viser også til krav om utarbeiding av prosjekteringsmateriale og godkjenning gjeve i planføresegnene pkt. 4.1 b), og reglar knytt til støyande aktivitet ved anleggsgjennomføring i pkt. 4.1 c).
- c) Gang- og sykkelvegane skal bli opparbeidd med stikkrenner og grøfter som er dimensjonert i samsvar med TEK17 § 7-2 for 200-års flaum + 40% klimapåslag.
- d) Omdisponering mellom underformåla gang- og sykkelveg og annan veggrunn vil kunne tillatast som følge av detaljprosjektering.

4.3.3 ANNAN VEGGRUNN – TEKNISKE ANLEGG

- a) Arealformålet omfattar sideareal til køyreveg og gang- og sykkelveg og dessutan trafikkøy i krysset mellom fylkesvegen og riksvegen. Areal skal nyttast til nødvendig grunn til samferdselsanlegga utanom trafikkareala for å ivareta anlegget sin funksjon. Områda skal gi tilstrekkeleg areal til snølagring på vinteren.
- b) Teknisk infrastruktur kan etablerast innfor formålet.

4.3.4 ANNAN VEGGRUNN - GRØNTAREAL

- a) Arealformålet omfattar sideareal til veg og gang- og sykkelveg. Areal skal nyttast til nødvendig grunn til samferdselsanlegga utanom trafikkareala for å ivareta anlegget sin funksjon og samstundes ha eit grønt preg. Områda skal gi tilstrekkeleg areal til snølagring på vinteren.
- b) Teknisk infrastruktur kan etablerast innfor formålet.
- c) Areal skal så langt det er mogeleg settast i stand på ein slik måte at stadeigen vegetasjon kan bli etablert etter ferdigstilling av samferdselsanlegga og eventuell framføring av nødvendig teknisk infrastruktur.

4.3.5 PARKERINGSPLASSAR

- a) Arealformålet omfattar SP01 som er eksisterande parkeringsplass inne på Dønness camping og SP02 som er ny parkeringsplass på nordsida av fylkesvegen.

- b) Parkeringsplassane skal opparbeidast som vist på plankartet og i samsvar med "Håndbok N100 Veg og gateutforming" frå Statens Vegvesen. Ein viser også til krav om utarbeiding av prosjekteringsmateriale og godkjenning gjeve i planføresegnene pkt. 4.1 b), og reglar knytt til støyande aktivitet ved anleggsgjennomføring i pkt. 4.1 c).

4.4 GRØNSTRUKTUR

4.4.1 GRØNSTRUKTUR

- a) Område G01 og G01B er regulert til grønstruktur og skal vere vegetasjonskledd. Hogst av døde og sjuke trær tillatast. Ved sluttavverking skal frøtrestilling nyttast. I tilfelle delar av areal må nyttast til framføring av VA-leidningar og kablar, skal ein reetablere stadeigen vegetasjon ved anleggsgjennomføringa.

4.5 LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE

4.5.1 LANDBRUK

- a) På areala kan det drivast landbruksnæring, samstundes med at områda kan nyttast til friluftsliv.
- b) På areala er det forbode med nye tiltak som nemnt i § 20-1 bokstav a, d, k, l og m, som ikkje har tilknytning til landbruk.

5. OMSYNSSONER

I medhald av plan- og bygningslovens § 12-6 gis følgjande føresegner til omsynssoner innafor planområdet:

5.1 SIKRINGSSONER

5.1.1 FRISIKT

Det er teikna inn frisiktlinjer ved vegkryss og større avkøyrslar i planen. Innafor desse frisiktlinjene tillatast det ikkje sikthindrende gjenstandar høgare enn 50 cm over vegbanen.

- I krysset mellom RV15 og FV2650 er frisiktsone/frisiktline lagt inn med mål 10 x 85 m som i gjeldande reguleringsplan.
- I eksisterande avkøyrslar frå Dønfooss camping til FV2650 er frisiktsone/frisiktline lagt inn med mål 6 x 60 m.
- I eksisterande avkøyrslar frå Øyberget kraftverk/besøkscenter til FV2650 er frisiktsone/frisiktline lagt inn med mål 6 x 60 m.

- I ny avkøyrse frå ny parkeringsplass (SP02) til FV2650 er frisiktsone/frisiktline lagt inn med mål 6 x 60.

Da arealet mellom frisiktlinene berre omfattar areal heilt nær samferdsanlegga som er regulert for samferdselsformål (køyreveg, gang- og sykkelveg, annan veggrunn - tekniske anlegg og annan veggrunn – grøntareal), er det ikkje skravert ut frisiktsoneflater på plankartet.

5.2 STØYSONER

5.2.1 STØYSONE – GUL SONE (H220)

Gul støysone for vegtrafikk er avsett som H220_1. Det skal ikkje etablerast støyfølsam bygnad innafor sonen.

5.3 FARESONER

5.3.1 FARESONE – FLAUM (H320)

Faresone for flaum H320_1, omfattar delar av riksvegen med gang- og sykkelveganlegg. I faresona er det ikkje tillate med byggetiltak, jf. PBL. § 1-6. Dersom det skal bli gjeve løyve for nye tiltak (PBL. §1-6) innafor faresona, skal tilstrekkeleg sikkerheit mot flaum eller erosjon i samsvar med sikkerheitsklassar og sikkerheitskrav gitt i byggtknisk forskrift (TEK) eller sikkerheitsklassar og sikkerheitskrav som nyttast av Statens vegvesen, vere dokumentert ivareteke gjennom fagleg tilfredsstillande sikring før anleggsarbeidet/byggearbeidet kan starte.

6. MIDLERTIDIG FØRESEGNSOMRÅDE (pbl. 12-7).

6.1 MIDLERTIDIG BYGGE- OG ANLEGGSSOMRÅDE

Arealet omfattar areal utafor det som er regulert som samferdselsformål som kan nyttast til anleggsområde og anleggstrafikk under bygge- og anleggsperioden.

Arealet kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av samferdselsanlegga inkl. lagring av masser.

Reine masser kan mellomagrasts utan restriksjonar.

Der anleggssbeltet kryssar driftsvegar og stigar, skal anleggsdrifta planleggast og utførast slik at det ikkje hindrar bruken av desse. Området kan stenges av i kortare periodar ved behov og av tryggleiksmessige årsaker.

Formålet «Midlertidig bygge og anleggsområde» skal gjelde til kommunen har fått skriftleg melding om at anlegga er stilt ferdig. Kommunen kan deretter gjere vedtak om opphøyr av den midlertidige reguleringa jf. pbl. § 12-7, 1 ledd nr. 10.